



## Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Åse Aleheim	N - 101.4	15/274

Saksnr	Utval	Type	Dato
033/15	Hovudutval teknisk/næring	PS	07.09.2015
068/15	Formannskapet	PS	28.09.2015
068/15	Kommunestyret	PS	12.10.2015

### KOMMUNEDELPLAN FOR SVEIO SENTRUM - PLANPROGRAM

**Prenta vedlegg:**

Planprogram for kommunedelplan for Sveio sentrum 2015 - endeleg versjon\_revidert  
24.08.2015

**Saksopplysningar:**

FØRSTEGONGSHANDSAMING

Rådmannen, 04.05.2015

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

- Plan- og bygningslova
- Forskrift om konsekvensutredninger
- Kommuneplan for Sveio 2011-2023
- Kommunedelplan for Sveio sentrum

**Saksorientering:**

I samband med politiske forventingar har administrasjonen i Sveio kommune starta opp ein sak om revidering av gjeldande kommunedelplan for Sveio sentrum. Oppstart av planarbeidet har vore til vurdering i Hovudutval Teknisk/Næring og Formannskapet. Der har tilrådinga vore at kommunen skal utarbeide ein ny kommunedelplan for Sveio sentrum og at det kan varslast oppstart av planarbeidet og utarbeidast planprogram for utgreiing av området.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ein kommunedelplanprosess er like omfattande som å utarbeide ein kommuneplan for heile kommunen, men i mindre skala. Alle dei same lovpålagde momenta ein må gjennomføre i



ein ordinær kommuneplanprosess må såleis følgjast i arbeidet med kommunedelplanen. I tillegg bør det gjerast ein tettstadsanalyse i forkant av utarbeidinga av arealdelen.

#### **Vurdering i høve til ROS analyse:**

Plan- og bygningslova § 4-3 seier at ved utarbeiding av planar skal det utarbeidast risiko- og sårbaranalysar – ROS-analysar. ROS-analysen skal følgja *Krav om risikovurderingar og Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB) sin rettleiar Samfunnssikkerhet i arealplanlegging*. Planframlegget må syne til ei vurdering av alle tilhøve ved arealet uansett om risikoen er akseptabel eller ikkje. Slik ROS-analyse skal utarbeidast for heile planområdet.

#### **Uttale frå barnerepresentanten etter PBL:**

Barnerepresentanten vert ein naturleg medlem i ein resursgruppe for planarbeidet og vert henta inn for råd i samband med utforminga av planen.

#### **Vurdering i høve til krav om konsekvensanalysar - KU**

Plan- og bygningslova § 4-1 seier at for alle kommuneplanar skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet skal syne kva venta verknader for miljø og samfunn planen kan få og kva tema, som i den samanheng, skal konsekvensutgreiast. Planprogrammet skal i tillegg vise føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar, deltakarar og opplegg for medverknad.

I samband med dette arbeid er det utarbeida eit forslag til planprogram som vert sendt ut på høyring samtidig som det vert varsla oppstart av planarbeidet.

#### **Vurdering:**

Med bakgrunn i nyleg handsama prinsipiell vurdering om å starte opp arbeida med kommunedelplan for Sveio sentrum vert det no lagt fram eit forslag til planprogram som skal følgje oppstartsvarselet.

#### **Rådmannen sitt forslag til vedtak:**

- Det varslast oppstart av planarbeid for kommunedelplan for Sveio sentrum og samtidig vert forslag til planprogram lagt ut på høyring.



Sveio kommune

- Høringsfrist for å koma med innspel til oppstartsvarselet og for å ha merknader til planprogrammet vert sett til 31.07.2015.

Hovudutval teknisk/næring – 027/15

### **HTN - behandling:**

Jan Reinert Vestvik kommenterte den noko korte høringsfristen, men aksepterte han så lenge det var innanfor lovkravet.

Samrøystes som framlagt av rådmannen

### **HTN – vedtak:**

- Det varslast oppstart av planarbeid for kommunedelplan for Sveio sentrum og samtidig vert forslag til planprogram lagt ut på høyring.
- Høringsfrist for å koma med innspel til oppstartsvarselet og for å ha merknader til planprogrammet vert sett til 31.07.2015.

\*\*\*



## NYE OPPLYSNINGAR I SAKA - ANDREGONGSHANDSAMING

Rådmannen, 21.08.2015

### **Saksorientering:**

Etter vedtak om å varsle oppstart av planarbeidet fekk alle verksemder i Sveio sentrum tilsendt eller utlevert varsel om oppstart av planarbeid. I tillegg blei dei offentlege uttalemynde, andre interesseorgansiasjonar og alle velforeiningar/bygdalag i heile kommunen varsla. Totalt blei det levert ut i overkant av 100 varselbrev. Vidare blei oppstartsvarel lagt ut på kommunen sin heimeside og i Offentleg Servicekontor på kommunehuset.

Oppstartsvarel blei annonsert i Haugesunds Avis og i Vestavind og lagt ut på kommunen sin heimeside i veke 22 (varselbrev vart sendt ut noko seinare). Uttalefrist blei sett til 31.07.2015, noko som gav 9 vekers frist frå første annonsering.

I oppstartsvarelet vart det samtidig orientert om at planprogrammet vart lagt ut på høyring og at det skulle haldast folkemøte om planarbeidet.

Det vart halde folkemøte for publikum, interessegrupper og næringsaktørar m.fl. 18.06.2015. Målet med møtet var å «kick-starte» planarbeidet gjennom å orientere om planprosessen og sei noko om kva som kjem til å skje vidare i planarbeidet. I samband med folkemøtet vart det signalisert frå kommunen sin side at det vert høve til å koma med konkrete innspel til planarbeidet på eit seinare tidspunkt når kommunen inviterar til enkeltvise møter eller ved neste folkemøte (workshop/arbeidsmøte).

I samband med varslinga kom det inn nokre innspel til planarbeidet og nokre merknader til planprogrammet.

MERKNADER TIL OPPSTARTSVARSELET OG FORSLAGET TIL PLANPROGRAM



Offentlege:

*Fylkesmannen i Hordaland, 17.06.2015*

Fylkesmannen visar til dei nye føringane i *Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging*. Det vert vidare vist til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* og ein peika særskilt på pkt 4 i planen som gjeld handel og kjøpesenter.

Fylkesmannen visar òg til § 6 i KU-forskrifta og at planprogrammet må gjere greie for relevante og realistiske alternativ for utviklinga av sentrum, og viser til at KU-forskrifta vart endra 01.01.2015.

Som kommentar til vurdering av alternativa vist i planprogrammet meiner Fylkesmannen at bevaring av dyrka jord er ein føresetnad for å sikra matforsyninga i landet både på kort og lang sikt og for å sysselsetje folk i landbruket. Samtidig visast det til at ein bør utvikla så fleifunksjonelle sentrumsområde som mogleg, der ein legg til grunn føresetnader for framtidig utvikling og lokalisering av til dømes bustadar, service og næringsverksemd. Ved lokalisering av bustad- og næringsområde bør nærleik til kollektivaksar vektleggjast.

Det går fram av uttalen at fylkesmannen skal retta særleg merksemd på bustadutbygging i gjennomgangen av dei kommunale planane og det gjeld òg bustadtrongen for grupper som normalt har vanskeleg for å koma inn på den normale bustadmarknaden, som t.d. flyktingar. Vidare skal det leggjast til rette for gode bustadmiljø det det mellom anna er enkel tilgang til samanhengande grønstruktur, tur- og rekreasjonsområde og trafiktryggleik.

Fylkesmannen viser til at dersom kommunen etter utgreiing avgjer at området for Vikingland skal verta teke inn i planen, så rår dei til at området vert synt som omsynssone OM\_710, som ein omsynssone for bandlegging for regulering etter plan- og bygningslova. Det visast vidare til at dei reguleringsplanane som er stoppa opp innanfor planområdet og som eventuelt kjem i strid med ny kommunedelplan bør følgje ny plan, og ein må i størst mogleg grad leggje til rette for ei planstyrt utvikling av Sveio sentrum.

Fylkesmannen legg vidare vekt på universell utforming og naturmangfald. Ein ber om at ein syner omsyn til salamanderparken i det vidare planarbeidet. Når det gjeld samfunnstryggleik og beredskap vert det vist til at ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. TEK10 definerar kva som er akseptabel risiko for m.a. flaum og skred og akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Elles skal alle risikotilhøve merkast på plankartet med omsynssone og krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.



Kommentar frå kommunen:

Kommunen tek med seg merknader og råd vidare i planarbeidet.

\*\*\*

*Kulturavdelinga i Sveio kommune, v/ Ellen Tveit, 18.06.2015*

Kulturavdelinga har i samband med ferdigstilling av kommunedelplan for kulturminne kome med nokre konkrete merknader til planarbeidet. Det vert vist til at det er få kulturminne i Sveio sentrum og at det difor er særleg viktig å ta vare på dei som er. Det er vist til nokre konkrete område som vert teke inn i kulturminneplanen som viktige og særleg viktige å sikre i planarbeidet.

Kommentar frå kommunen:

Innspel på område som bør vernast vert teke med vidare i vurderinga ved utforming av planen.

\*\*\*

*Statens vegvesen, 29.06.2015*

Statens vegvesen bad om utsett høyringsfrist med grunngjeving i stor saksmengde og ferieavvikling.

Kommentar frå kommunen:

Det blei gjeve utsett frist til 07.08.2015. Grunngjeving for så kort frist frå kommunen sin side var at kommunen allereie 12.06.2015 hadde halde møte med vegvesenet om planarbeidet og såleis hadde fått ein del føringar for planarbeidet og at det var ønskje om å halde på framdrifta i planprosessen.



*Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, 30.06.2015*

Det visast til at det er positivt at planavgrensinga dekker eit større omland, som gjev ein heilskapleg planlegging. Det er positivt at møte med planforum er fastsett i framdriftsplanen. Det visast vidare til at det er positivt at kommunen startar arbeidet med ein tettstadsanalyse, som vil leggja eit godt grunnlag for dei avgjerdsleane som skal takast.

Fylkeskommunen saknar på den andre sida utgreiingstema spesifikt knytt til barn og unge, landskap, folkehelse og klima og energi, og ber om at dette vert tydeleggjort i planprogrammet. Ein minner òg om at det skal lagast ein samanfatning av samla konsekvens av planframlegget.

Det vert vist til *Regional plan for attraktive senter* og fire tema:

- Korleis planlegging kan bidra til å skape attraktive sentrumsområde
- Kva for tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod bør leggjast til sentera i fylket
- Lokalisering og dimensjonering av nye handelstilbod
- Korleis sentrumsplanlegging kan bidra til eit effektivt og berekraftig transportsystem

Ein ber om at føringar og råd forankra i den regionale planen vert teke med i det vidare arbeidet med kommunedelplanen og at det i planarbeidet vert fastsett ei klar sentrumsavgrensing, med eigne føringar for arealbruk, aktivitetar, handel og tenester i sentrum.

Som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern viser fylkeskommunen til at dei er særns nøgd med at kommunen har kome så langt i arbeidet med kulturminneplanen som vil gje eit betre oversyn med kulturminne og kulturmiljø.

Når det gjeld planprogrammet vert det vist til at i konsekvensutgreiinga må både freda kulturminne og kulturminne av nyare tid verta skildra, med drøfting av eventuell konfliktgrad mellom byggområde og kulturminne. I område med nye arealføremål tiltenkt utbygging, næring m.v. må ein vurdere potensialet for funn av ukjende automatisk freda kulturminne. Nye byggeområde og LNF-område der spreidd utbygging er tillate, kan ikkje vere i konflikt med freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne med regional eller nasjonal



Sveio kommune

verdi.

Freda kulturminne må visast på plankartet med omsynssone (d). Kulturminne som ikkje er freda kan òg ha verneverdi og visast som omsynssone (c). For desse omsynssoner bør det knyttast føresegner og retningsliner som sikrar at verneføremåla vert ivaretekne. Det bør utgreiast korleis kommunen skal sikre verneverdige kulturminne i planen.

Kommunen bør i dei generelle føresegnene til planen leggja inn følgjande føresegn:

*«Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje fører til skade eller utilbørleg skjemming av verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Dersom kulturminne kan bli råka, skal saka leggjast fram for Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde.»*

*«Verneverdige enskildbygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar og bli sett i stand, jf. pbl § 11-9 nr. 7»*

For å sikre handhevinga av undersøkingsplikta, vil føresegner knytt til LNF-område med høve for spreidd utbygging kunne vere:

*«Alle tiltak i areal som ikkje er utbygd innanfor LNF-område med høve til spreidd utbygging, skal sendast Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde for vurdering av kulturminneinteresser, jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 9».*

Når det gjeld samferdsle viser fylkeskommunen til at det er viktig at kommunen er bevisst den betydninga eit sjølvforsynt sentrum er for å demme opp mot høg trafikkttettleik. Samferdsleavdelinga støttar arbeidet med å sjå på ulike løysingar som sikrar gode løysingar for gåande og syklande.

Vidare rår fylkeskommunen at kommunen vel å gå vidare med dei alternativa i planprogrammet som gjer eit fortettingspotensial i sentrum og vel bort 0-alternativet då dette ikkje vil oppfylle krava i samordna areal- og transportplan. Det vert vist til at gangandelen er høgast for avstander under 500 m (79%), men at den synker til 56% på avstander mellom 500-900 m. Over 1 km er gangandelen nede i 35%, men då kan sykkel vere eit alternativ for mange.





Fylkeskommunen oppsummerar sin uttale slik:

«Hordaland fylkeskommune ønskjer lukke til med utarbeiding av kommunedelplan for Sveio sentrum. Vi deltek gjerne i prosessen framover, i planforum og gjerne i møte med kommuneplanleggjarane.

Me saknar utgreiingstema spesifikt knytt til born og unge, landskap, folkehelse og klima og energi, og ber om at dette vert tydeleggjort i planprogrammet.

Me ber om at det i planarbeidet vert fast sett ei klår sentrumsavgrensing i samsvar med Regional plan for attraktive senter (2014), med eigen føringar for arealbruk, aktivitetar, handel og tenester i sentrum.

Fylkeskommunen er svært positiv til at Sveio kommune er komen langt med utarbeidng av eigen kulturminneplan. Me ber om at generelle merknader knytt til kulturminne/kulturmiljø, samt bruk av føremål og føresegner, vert teke med i det vidare arbeidet med kommunedelplan for Sveio sentrum.»

#### Kommentar frå kommunen:

Kommunen tek med seg merknader og råd vidare i konsekvensutgreiinga og i vidare planlegging og legg inn krav om utgreiing av barn og unge, landskap, folkehelse og klima og energi i planprogrammet.

\*\*\*

*Den Norske Kyrkja, Sveio Kyrkjelege Fellesråd, datert 09.07.2015 (innstempla 16.07.2015)*

Sveio Kyrkjelege Fellesråd meiner at det er viktig at kyrkja òg i eit framtidig sentrum må ha eit visst rom rundt seg slik at Sveio kan visa den fram for både lokalbefolkning/lokaltrafikk og dei som køyrer forbi på Fv 47. I den samanheng er det viktig at den ikkje får høge bygningar tett inn på seg, særleg i siktsona for Sveiogata og frå Fv 47. Type bygning/aktivitet i kyrkja sitt nærrområde må ikkje koma i konflikt med kyrkja og kyrkja sine aktivitetar. Ein viser her spesielt il arealet i sør, tvers over Sveiogata samt i aust på andre sida av Steinhaugvegen.



Det visast vidare til at det er viktig for kyrkja at det framleis vert liggjande inne areal til utviding av gravplassen mot nord, samt areal til bygging av soknehus i nordaust.

I omsynssona rundt kyrkja bør det ikkje i kommunedelplanen tillatast andre bygningar enn dei som kan knytast opp til kyrkje og kyrkjelydsarbeid.

Elles meiner ein her at utbygging av sentrum mot vest, inn i kyrkja sitt nærområde, vil kunne vere eit positivt tilskot til utviklinga av sentrum der kyrkje og lokalsamfunn forøvrig kan dra vekslar på kvarandre.

Når det gjeld dei gravplassane som ligg innanfor planområdet visast det til at det er viktig at kommuneplanen ikkje sett av areal nært opp til desse, der ein legg til rette for aktivitetar, t.d. industri, som kan stå i konflikt med det fredfulle miljøet ein ønskjer når pårørande går for å stella gravar. Dette gjeld gravplassane ved kyrkja, på Bjelland og ved Fjellstad.

#### Kommentar frå kommunen:

Innspelela vert vurdert vidare i planarbeidet. Merknader om kyrkja sin rolle i sentrum vert fulgt opp i konsekvensutgreiinga, særskilt i samband med utarbeiding av tettstadsanalysen, jf. punkt 4.6.1 i planprogrammet der det mellom anna går fram at ein skal avklare byrommet og sjå på kombinasjon av føremål og fortetting.

\*\*\*

*NVE – Norges vassdrags- og energidirektorat, 23.07.2015*

NVE viser til at det innanfor planområdet ligg fleire større og mindre vatn, tjørner og bekker og ein oppmodar om at det vert lagt opp til ein arealbruk som ikkje medfører inngrep i desse. Vassførekomstane kan nyttast som positive miljøelement i nærmiljø og sentrumsutforming.

Det bør setjast av grønne belte langs breiddene som er breide nok til å unngå privatisering av strandlina, og som sikrar kantvegetasjon og tilgang for ålmenta.

NVE rår til at arealbrukskategorien *Bruk og vern av sjø og vassdrag*, jf. pbl § 12-5 nr. 6 vert nytta til å merke vassstreng og kantsoner. Elv med kantsone kan regulerast til *Natur og*



*friluftsliv*. Ein syner til vassressurslova § 11 om kantvegetasjon og viser til at kommunen kan fastsetja breidda på vegetasjonbeltet i planar.

Dersom inngrep i vassdrag ikkje er til å unngå bør konsekvensar for allmenne interesser i vassressursen gjerast greie for i konsekvensutgreiinga. Som døme på allmenne interesser kan nemnast fiskens frie gong, allmenn ferdsle, naturvern, biologisk mangfald, vitenskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred m.v.. Det bør òg gjerast greie for eventuelle avbøtande tiltak for å redusere konsekvensar for allmenne interesser.

Vidare rår NVE til at pbl sitt krav om ROS-analyse bør få ein meir tydeleg plass i planprogrammet og det bør gjerast greie for korleis denne skal gjennomførast. Skred, flaum og erosjon må inngå som tema i denne analysen. ROS-analysen må minst ha som ambisjon å kartlegge areal der skred og flaumfare ikkje kan utelukkast.

Det vert vist til NVE sine aktsemdskart for skred og det visast til at med unnatak av eit mindre område med potensiell snøskredfare, syner desse at skredfare er ei avgrensa problemstilling i planområdet. Ein gjer merksam på at høgdemodellen som er nytta som grunnlag for dei nasjonale aktsemdskarta er for grov til å identifisere skrentar lågare enn om lag 50 m. Slike mindre skråningar som kan vere skredfarlege bør vurderast for byggeområda. Langs mindre bekkar vil ein buffer på 20 m. til sides på kvar side av bekken, i dei fleste tilfelle vere nok til å unngå flaum- og erosjonsfare. Potensiell flaumfare rundt vatn og tjørner må vurderast konkret.

NVE rår kommunen til å innarbeide alle område som potensielt kan vere utsett for flaum- og skredfare i plankartet som omsynssoner. Til omsynssonene må det knytast føresegner, t.d. krav om nærare kartlegging av reell fare i alle plan- og byggjesaker. NVE retningsline 2/2011 *Flaum og skredfare i arealplanar* med vedlegg gjev nærare oversikt over korleis flaum, erosjon og skred kan utgjere ein fare og korleis desse bør utgreiast og innarbeidast i arealplanar.

Høgspenninglina som kryssar austre del av Vigdarvatnet er ein del av regionalnettet og slike sentral- og regionalnettanlegg som treng konsesjon etter energilova er unnateke frå pbl. Slike større høgspenningslinjer og transformatorstasjonar skal setjast av som omsynssoner i plankartet (jf. pbl § 11-8 d). Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til pbl og kan setjast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2.

Kommentar frå kommunen:



Kommunen tek med seg innspel og råd vidare i planlegginga.

Med bakgrunn i at pbl stiller krav om at ROS-analyser skal gjennomførast for alle planarbeid er det gjort vurdering at kravet i lova sikrar gjennomføring av slike analyser utan at det vert spesifisert vidare i planprogrammet. Det går likevel fram av planprogrammet at det skal gjennomførast ei ROS-analyse. Ved gjennomføring av slik analyse vil føringane for ROS-analyser med akseptkriteria som ligg i kommuneplanarbeidet og i den kommunale overordna ROS-analysen legga grunnlaget. Krav til ROS er såleis vurdert sikra og planprogrammet vert såleis ikkje endra.

\*\*\*

*Statens vegvesen, 06.08.2015 (innstempla 12.08.2015)*

Statens vegvesen viser til at planen bør vise korleis ein kan leggja til rette for ei god og framtidretta utvikling som gjev trygge oppvekstmiljø, gode tilbod til unge og eldre, gode tilbod innan offentleg og privat tenesteyting, gode møteplassar, gode kollektivtilbod, samanhengande og trygge gang- og sykkelvegnett m.v.

Vegvesenet meiner at kollektiv er lite nemnd i planprogrammet, og at det bør vere med i vurderinga når planen skal lagast; Er busstopp/-lommer godt nok plassert slik dei ligg i dag eller bør ein sjå på ny plassering? Er tilkomsten til desse god, lett tilgjengeleg og trygg? Trengs det opprusting til universell utforming?

Dei viser til at dette heng saman med tilrettelegging for mjuke trafikantar og viser til spørsmål som; Er det samanhengande nett frå bustadområda til skule/ idrettsanlegg/ sentrumsfunksjonar, med trygge kryssingar?

Det vert vist til at fleire kommunar har ein god erfaring med å ha eit samarbeid mellom utbyggjar av teknisk infrastruktur, (kommunen) og Statens vegvesen. Ein kan då for eksempel få på plass evt. manglande betar gang-/sykkelvegar og lys der det manglar gjennom samarbeid og deling av kostnader.

Vegvesenet viser vidare til at trafikktryggleik for alle trafikantgrupper må liggja til grunn og at andre tema bør vere med som universell utforming, støy og byggjegrænse.



Når det gjeld oppstart av Vikingland visast det til at ein her må til ein del tilrettelegging mot sentrumsområdet og det vil vere ei utfordring å finne gode løysingar. Her må det til eit godt samarbeid mellom utbyggjar, kommunen og Statens vegvesen.

Ein viser vidare til at reguleringsplanarbeidet for nordre avkøyrsløp til Sveio sentrum har lege på is ei stund, men vegvesenet håpar dette vil kome i gang igjen snart. Når det gjeld arbeidet med utbetring av Fv 6 Buamyr – Grimstveit vil dette sannsynleg starte opp over nyttår. Det har kome planmidlar til å sjå vidare på Fv 6 frå Grimstveit til søndre kryss mot Fv 47. Her er plan bestilt og då delar av denne ligg innafor planområdet til kommunedelplanen må det kanskje ei samordning til.

Samordning av planarbeid meiner vegvesenet òg kan vere naudsynt når det gjeld revidering av Trafikksikringsplanen for Sveio.

Ein reknar med at Statens vegvesen sine handbøker og Råmeplan for avkøyrsløp og byggjegransar vert lagt til grunn i planarbeidet.

#### Kommentar frå kommunen:

Allereie ved varsel om oppstart av planarbeid bad kommunen om eit førebuande møte med Statens vegvesen for å avklare kva krav som vert stilt til planarbeidet, særskilt med bakgrunn i at Fv 6 (Sveiogata) går gjennom sentrum og Fv 6 (Tjernagelsvegen) og Fv 47 ligg i planområdet. Det vil vidare i planprosessen verta nært samarbeid med vegvesenet, og kommunen tek med seg merknadene vidare i planarbeidet.

I merknaden vert det vist til manglande drøfting rundt kollektiv. I punkt 4.6.2 i planprogrammet er det i fleire punkt vist kva tema som skal vera føremål for utgreiing i forhold til trafikkanalyse. Siste punkt er kollektivtrafikk. Vi meiner at det er godt nok opplyst at dette tema skal utgreiast i planprogrammet og ser ikkje nokon grunn til å gjere endringar i dokumentet av den grunn.

\*\*\*

*Sigurd Henning Nygård, 28.07.2015*



Nygård viser til planar om å laga ny veg frå Fv 6 ved Nygård mot Sveio sentrum og visar vidare til at når denne vegen kjem vil avstanden frå Nygård til Sveio sentrum verta om lag 600 m. kortare enn den er i dag. Nygård meiner at arealet rundt hans eigedom då vil vera innafor gangavstand til sentrum og difor bør vera ein naturleg del av Sveio sentrum.

Nygård ber difor om at garden Nygård vert teke med i sentrumsplanen med føremål for næringsverksemd og bustader og meiner at det samtidig vil vera naturleg å leggja avlaupsleidning i den nye vegen.

#### Kommentar frå kommunen:

I 2013 blei ny reguleringsplan for utbetring av eksisterande Fv 6 frå Buamyrdalen til Grimstveit godkjent. Oppstart av arbeida vil innan kort tid starte. Det er òg planar om å lage enno ein reguleringsplan for utbetring av resterande del av vegen mot Sveio sentrum. Denne vil i samsvar med gjeldande kommuneplan liggja i same trasè som eksisterande veg. Det har på tidlegare tidspunkt kome inn forslag og innspel til kommunen om å legge ny veg frå Fv 6 til Sveio sentrum, men det ligg i dag ikkje føre planar om slik utbygging.

Forslag til ny vegtilkomst til sentrum og forslag til nye byggeområde for næringsverksemd og bustader på Nygård må i planprosessen vurderast nærare, særskilt opp mot *Regional plan for areal- og transport på Haugalandet*. Innspelet vert vurdert vidare i planprosessen. Det har ikkje kome merknader om planprogrammet og difor er det ikkje grunnlag for å gjera endringar i dette dokument.

\*\*\*

*Sveio sokneråd v/ Bent Rune Sinnes, 31.07.2015*

Sveio sokneråd ser med interesse på utviklinga av Sveio sentrum som er ein del av Sveio sokn. Sveio kyrkje vil òg i framtida stå sentralt i Sveio. Sveio sokneråd vil framheva at Sveio kyrkje og Sveio soknehus som er under planlegging, enkeltvis og saman vil bli ein viktig bidragsytar i sentrumsmiljøet.

#### Kommentar frå kommunen:

Merknaden vert føremål for vurdering ved utarbeiding av sentrumsplanen. Det er ingen grunn til å gjera endringar i planprogrammet, basert på denne merknad.



\*\*\*

*Liv Dommersnes Hervik, 31.07.2015*

Det vert i innspelet vist til eit område i Rossafjellet, nord for Fjellstad og at dette er vurdert som sentrumsnært område med høg andel gange og sykling og at området difor ligg innafør kriteriane for prioritert bustadbygging i forhold til *Regional plan for areal og transport på Haugalandet*.

Dommersnes Hervik meiner at området (gnr. 41 bnr. 29), eignar seg særst godt til framtidig bustadbygging med utsikt, nærleik til fleire vatn og nærleik til turstiar. Det visast til at det ligg vatn og avlaup i nærleiken, i tillegg til at det allereie går kommunal anleggsveg til området. Ho meiner at området bør prioriterast saman med fortettinga i sjølve sentrum med hensikt på einebustader.

#### Kommentar frå kommunen:

Innspelet vert vurdert vidare i planprosessen når retningslinene for vurdering av bustadområde ligg føre. Merknaden er eit innspel til planarbeidet og omfattar ikkje planprogrammet og difor er det ikkje grunn til å gjere endringar i dette.

\*\*\*

*Ole Johan Sveen, 31.07.2015*

Sveen kjem med merknad om at tidspunkt for høyringa er uheldig grunna ferieavvikling.

Vidare viser Sveen til at for å gjere eit godt arbeid med planen må grunnlagsmaterialet vere oppdatert og viser til at kart utlevert på folkemøtet i juni inneheld mange feil og at det må leggjast fram oppdatert kart.

Når det gjeld elvar og bekkar meiner Sveen at det i framtida ikkje må gjevast løyve til å leggje desse i røyr. Det må sikrast ei sone langs alle bekkar/elvar som «grøne lungar». Det må vidare anleggjast stiar slik som langs med delar av Pedersbekken, og arealet langs



utløpet av Åselva må bli grøntareal/friområde.

Vidare meiner Sveen at arealet mellom Vigdarvatnet og fylkesvegen, frå sentrum til pumpestasjonen ved gravplassen må regulerast til bustader. Byggjegransa frå vatnet må reduserast til 40 m. Dette er «indrefiletet» i sentrum.

Forslag vidare er at gnr. 40 bnr, 4 og 7 vert lagt ut til bustadområde og det same gjeld garden til Ole B. Olsen, men at det her må sikrast store grøntareal langs bekkane.

Sveen viser til at det i kartet er teikna inn bustadområde frå Krossleite heilt ned til Vigdarvatnet og at området Rasteplassen – Krossleiteneset – til utløpet av Åna bør vere friområde. Her bør ein anlegge turveg frå rasteplassen på Melkeneset, langs vatnet og til utløpet av Åna. Der kan turstien knyttast saman med eksisterande sti langs Åna opp til Furuvatnet.

Vidare er det i innspelet til Sveen forslag om at det bør opprettast ein større plass for oppstilling av bussar/trailerar innafør planområdet.

Sveen meiner at alle grøntareal/friområde/bufferoner mellom næring og bustad, må anten løysast inn og driftast av kommunen, elles må det inngåast avtalar om drift og vedlikehald med grunneigarar eller lag og foreiningar.

Areal regulert til salamanderpark, fornminner o.l. må løysast inn og driftast av kommunen.

Ein må sjå nærare på næringsareal når ein veit om det vert Vikingland eller ikkje. Areala ved Haukåskryssset, aust for sentrum og langs med Paddevegen er bra og Sveen meiner at Sveio kommune må ta meir initiativ til samarbeid med private for å utvikle desse areala.

#### Kommentar frå kommunen:

Når det gjeld kommentar om uheldig tidspunkt for å varsle oppstart av planprogram så gjerast det merksam at oppstartsvarsel har vore ute på høyring frå 28.05.2015 til 31.07.2015, noko som utgjør heile 9 veker. Lovfesta krav om høyringsfrist for planarbeid er minst 6 veker, og såleis har kommunen halde seg godt over krava og lagt til nokre veker med omsyn til at





det vart varsla under sommaren. For framdrifta til planarbeidet er det viktig å koma i gong.

Innspela vert vurderte i samband med utforminga av planen. Merknaden frå Sveen er eit innspel til planarbeidet og omfattar ikkje planprogrammet og difor er det ikkje grunn til å gjere endringar i dette.

\*\*\*

*Mikal Møller Hovda, 31.07.2015*

Hovda viser til at ein ikkje kan sjå at det er teke omsyn til at det i samband med planlegginga bør vurderast ny tilkomstveg frå Fv 6 ved Nygård og til Sveio sentrum. Dersom denne kjem vil sentrum verta styrka då det vert enklare for dei som kjem frå vestsida av kommunen å koma inn til sentrum. Planområdet bør difor verta utvida slik at heile denne vegen kjem innafor plangrensa.

Hovda ber vidare om at kommuen vurderar å gjera seg nytte av «ressursgrupper/-personar» frå næringslivet i planlegginga, for å sikre at planen tek omsyn til næringsutviklinga i området. Dette gjeld særleg ved golfbaneområdet og forretningsområdet i sentrum.

#### Kommentar frå kommunen:

Val av plangrensa nord for sentrum og aust for Fv 6 er basert på at dette områda ligg i gjeldande kommuneplan som kjerneområde for landbruk. Dersom det er noko i konsekvensutgreiinga av trafikkforhold og trafikkavvikling som tilseier at det bør leggjast opp til ein ny tilkomst frå nord bør planavgrensinga vurderast på ny.

Innspelet om ny veg frå Fv 6 vert vurdert vidare i planprosessen når utforminga av planen startar opp.

Når det gjeld medverknad har alle næringsverksemdar som agerar i Sveio sentrum fått oppstartsvarsel og invitasjon til folkemøte (gjennomført i juni 2015). I samband med desse hendingar har det vore høve til å koma med innspel til planarbeidet. I tillegg er det lagt opp til et meir konkret arbeidsmøte/workshop der ulike interessegrupper vert inviterte og der kommunen legg opp til meir medverknad frå næringsaktørar og andre interesserte. I tillegg til desse møter er alle som har interesser i planen velkommen å ta kontakt med kommunen for å avtale individuelle møter. Å berre velje ut nokre enkelte interessegrupper eller



næringsaktørar kan medføre at ein går miste om viktig informasjon eller kunnskap som andre grupper sitter med i samband med planarbeidet. Dersom alle interessegrupper ønskjer å etablere slike referansegrupper vil organisering og oppfølging av desse kunne ta store ressursar frå planleggingsarbeidet. Gjennom å halde alle møter opne og tilgjengelege kan innspel og forslag drøftast i plenum. Alle aktørar og interessegrupper som har innspel til planarbeidet vil på den måten få lik handsaming og like moglegheiter til å gjera «sin røyst høyrd». Så langt har det vore halde eit folkemøte og det er planlagt enno eit som skal gå djupare inn i spesifikke problemstillingar og ta føre seg enkelte tema, som næringsaktivitet m.v..

Med grunngjeving at kommunen meiner at det er lagt opp til open planprosess der det er høve til å koma med innspel og merknader i opne møter eller etter avtale med kommunen ser vi ikkje grunn til å endre planprogrammet i forhold til krav om medverknad.

\*\*\*

*Sveio senter AS v/ Per Bjørn Habbestad, 30.07.2015*

Habbestad viser i sitt innspel til planarbeidet at området mellom Lyngstadtunet og salamanderparken bør omregulerast frå offentleg føremål til FKB (Forretning, Kontor og Bustader) med grunngjeving at det er mangel på slik areal i sentrum og at der er potensiale for tilvekst av nye bransjar rundt Sveio senter.

Habbestad viser vidare til at eit område sør for kommunehuset bør omregulerast til offentleg føremål for å gje plass til kommunal parkering samt å dekke framtidig utbyggingsbehov for kommunehuset.

#### Kommentar frå kommunen:

Innspela vert vurderte vidare i planarbeidet. Merknaden er eit innspel til sjølve planarbeidet og omfattar ikkje planprogrammet og difor er det ikkje grunn til å gjere endringar i dette.

#### **Vurdering:**

Dei konkrete innspel som har kome inn i samband med at det vart varsla oppstart av planarbeid for kommedelplan for Sveio sentrum vert alle vurdert vidare i samband med gjennomføring av konsekvensutgreiing og når planen skal utformast. Desse innspel vert mellom anna vurderte etter krav om vurdering i planprogrammet og konklusjonar gjort i



konsekvensutgreiingane, i forhold til lovverket og etter nasjonale og regionale retningslinjer og forventingar. Ein kan ikkje vente seg at alle innspel som kjem inn til eit planarbeid automatisk vert teke med i planen, men alle innspel vert teke med i fleire runder med vurderingar/konsekvensutgreiingar, før dei eventuelt vert teke med i planforslaget.

Dei merknader som har kome til planprogrammet er kommenterte over. Av desse merknader vert dei om manglande føringar for utgreiing av temaene landskap, folkehelse, barn og unge og energi og klima, teke med i planprogrammet før det vert lagt fram for vedtak i kommunestyret.

### **Rådmannen sitt forslag til vedtak:**

- I samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 og forskrift om konsekvensutredninger § 6 godkjenner Sveio kommunestyre planprogram for kommunedelplan for Sveio sentrum.

Hovudutval teknisk/næring - 033/15

#### **HTN - behandling:**

Samrøystes som framlagt av rådmannen.

#### **HTN - vedtak:**

##### **Tilråding til kommunestyret:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 og forskrift om konsekvensutredninger § 6 godkjenner Sveio kommunestyre planprogram for kommunedelplan for Sveio sentrum.

Formannskapet - 068/15

#### **FOR - behandling:**

RØYSTING: Samrøystes som tilrådd av rådmann.

#### **FOR - vedtak:**

**FOR - tilråding til kommunestyret:**



I samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 og forskrift om konsekvensutredninger § 6 godkjenner Sveio kommunestyre planprogram for kommunedelplan for Sveio sentrum.

Kommunestyret - 068/15

### **KOM - behandling:**

Mange tok ordet i saka.

Fremlegg frå Rune Teikari (Frp):

Adminstrasjonen bes utvide området sentrumsplanen dekker i henhold til vedlagte skisse. Dette innarbeides i nytt utkast som blir gjenstand for politisk behandling.

Fremlegg til pkt. 2 frå Ellen Urheim Tveit (Mqsv):

I det vidare arbeidet skal ein sjå på korleis jordbruksareala i sentrum kan bevarast og brukast som ein ressurs for den vidare utviklinga.

Rådmann ba om gruppemøte.

Kommunestyret tok pause for gruppemøte frå kl. 19.55 til 20.05.

**RØYSTING:**

Formannskapet si tilråding blei satt opp mot Rune Teikari sitt forslag.

Rune Teikari sitt forslag gjekk gjennom med 15 mot 10 stemmer.

Framlegget frå Ellen Urheim Tveit vart samrøystes vedteke

### **KOM - vedtak:**

1. Adminstrasjonen bes utvide området sentrumsplanen dekker i henhold til vedlagte skisse. Dette innarbeides i nytt utkast som blir gjenstand for politisk behandling.
2. I det vidare arbeidet skal ein sjå på korleis jordbruksareala i sentrum kan bevarast og brukast som ein ressurs for den vidare utviklinga